

## Oppsummering av høringsinnspel på oppstartsmelding for Giske

### *Kort om marint vern*

Oppstartsmeldinga er starten på ein prosess som skal resultere i eit konkret verneframlegg etter naturmangfaldlova. Hensikta med oppstartsmeldinga er at alle partar i ein tidleg fase får høve til å medverke til utforminga av høringsforslaget og komme med innspel.

Grensa blir i hovudsak trekt utanfor privat grunn, dvs. frå marbakken eller 2 meter djupne der marbakke ikkje finst. Vernegrensa vil også bli trekt utanfor eksisterande hamneanlegg.

Planområdet ligg i sin heilheit i Giske kommune i Møre og Romsdal fylke, og er omlag 68 km<sup>2</sup> stort. Området omfattar sjøområdet mellom Giske, Valderøy og vestsida av Vigra. Giskerevet og områda vest og aust for dette er med.


Det vart halde eit folkemøte den 13. mai på Giske rådhus. Her møtte omlag 30 personar. Fylkesmannen og Dupont Nutrition Norge AS haldt kvar sin presentasjon. Fylkesmannen fekk mange gode innspel også frå brukarene av områda med synspunkt på eventuelt marint vern. Vi har ikkje summert opp desse innspela på ein systematisk måte, men tok eit referat og tar innspela vidare med i prosessen, sjå referat i vedlegg 1.



*Figur 1. Flyfoto over Giske med deler av Giskerevet. Foto tatt mot øst. Valderøya og Vigra i bakgrunnen (foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal/Øivind Leren).*

### Vidare saksgang

1. Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppsummerar innspela til oppstartsmeldinga.
2. Det blir oppretta en arbeidsgruppe med lokale brukarar for arbeidet med marint vern.
3. Gjennomføring av informasjonsmøter og møter i arbeidsgruppa.
4. Fylkesmannen utarbeider, etter samråd med arbeidsgruppa, eit framlegg til marint vern.
5. Oversending av framlegget til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang.
6. Etter den faglege gjennomgangen utarbeider Fylkesmannen, etter samråd med arbeidsgruppa, eit framlegg til marint vern som blir sendt ut på ei brei offentlig høyring.
7. Fylkesmannen oppsummerar høyringsfråsegner og gir ei tilråding til Miljødirektoratet.
8. På bakgrunn av høyringsfråsegner og tilrådinga frå Fylkesmannen, utarbeider Miljødirektoratet ei tilråding som blir sendt Klima- og Miljødepartementet (KLD).
9. KLD samrår seg med dei andre departementa, og endeleg vedtak blir fatta av Kongen i statsråd.



Figur 2. Planområdet for marint vern Giske.

## Oppsummering av høyringsinnspel

Det kom inn 13 høyringsinnspel på oppstartsmeldinga. Innspela i sin heilheit er vedlagt, ei oppsummering av innspela følger nedanfor. Vi har fått innspel frå:

1. Kystverket
2. Green Cycle AS
3. Møre og Romsdal fylkeskommune
4. Giske kommune
5. Statens vegvesen
6. Dupont Nutrition Norge AS
7. Noregs vassdrags- og energidirektorat
8. Fiskeridirektoratet
9. Havforsknings Instituttet
10. Bernt F og Erik A Blindheim
11. Direktoratet for Mineralforvaltning
12. Oljedirektoratet
13. MøreNett

Dei skriftlege innspela og innspela som kom fram i høyringsmøtet og i høyringsinnspela vil bli tekne med i det vidare arbeidet med marint vern i Giske. Konsekvensane av kva vernet vil kunne få for dei ulike tema som er spela inn, vil bli greia ut og konkretisert nærare. Vi ser fram i mot eit vidare godt samarbeid i arbeidsgruppa marint vern Giske.

### 1. Kystverket

Innanfor det skisserte verneplanområdet har Kystverket omlag 40 navigasjonsinstallasjonar. I tillegg har Kystverket moloar og kaianlegg i 3 fiskerihamner; Blindheim, Vikebukta og Giskeødegård. For å trygge ferdsla og skipstrafikken i farleier, hamner og farvatn er Kystverket avhengig av å kunne vedlikehalde og nyinstallere installasjonar og anlegg på ein rask, effektiv og økonomisk måte. Kystverket er difor oppteken av at verneplanen tek omsyn til dette og at verneføresegna vert utforma på ein slik måte at ein kan unngå unødig bruk av tid, ressursar og kostnader i arbeidet med Kystverket sine installasjonar og anlegg.

### 2. Green Cycle AS

Green Cycle AS har som formål å drive med produksjon og sal av makroalgar, samt avleia produkt. Dei har løyve til dyrking av makroalgar på lokalitet 39017 Vikane i Giske kommune som ligg innanfor planområdet for marint vern. Løyve ligger innanfor NFFFA\_6 etter gjeldene kommuneplan i Giske kommune for perioden 2018 – 2029. Green Cycle har også eit ønske om å utvide dette området, då dei ser Vikane som ei strategisk moglegheit som ikkje kjem i konflikt med andre interessentar. I følge Green Cycle kan ikkje dyrking av makroalgar samanliknast med tradisjonell tarehausting. Det påfører minimal belastning på havbotnen og det tilhøyrande plante- og dyrelivet.

### 3. Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen meiner det er positivt og naudsynt at det vert sett i gang arbeid med maritimt vern i dette området.

#### *Automatisk freda kulturminne*

Fylkeskommunen viser til at dette er eit område med svært mange automatisk freda kulturminne langs kystlinja. Det kan også vere kulturminne under vatn i området.

### *Vassforvaltning*

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit for Møre og Romsdal vassregion. Vassforvaltning i fylket tek utgangspunkt i vassforskrifta og regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016-2021. Det føreslåtte verneområdet ligg i vassforekomsten Ålesund-Ytre. Vassforekomsten har i dag god økologisk tilstand, basert på vassregionspesifikke stoff frå to MAREANO-stasjonar, og ein NIFES. Området er spesielt utsett for marin forøpling, då havstraumane treff Norskekysten her. Det er gjort funn av store søppelmengder. Med eit vern er det aktuelt å sette strengare miljømål for vassforekomsten. I dag er miljømålet god økologisk og kjemisk tilstand. Det kan settast strengare miljømål enn standard miljømål der det er naudsynt for å ivareta nasjonale mål, der det bygger på vedtak etter anna regelverk eller på grunn av viktige brukarinteresser. Det er ønskeleg at Fylkesmannen seier noko om kva dei forventar at miljømålet skal vere. Det kan vere aktuelt å dele opp vassforekomsten slik at verneområdet vert ein eigen forekomst. Dette for lettare å kunne sette rett miljømål. Eit marint vern vil elles vere positivt for vassmiljøet.

### *Akvakultur*

Det er gitt løyve til akvakultur til tang og tare i området som er ute til høyring. Lokaliteten er registrert i akvakulturregisteret som 39017 Vikane med løyve-nr. M-G-901 (fleire artar). At arealet blir verna vil vere bra for vassmiljøet og for tare dyrking. Elles reknar fylkeskommunen området som lite gunstig for oppdrett av fisk og andre marine artar med dagens teknologi, då det er grunt. Det som kan vere aktuelt er makroalgar og artar som finn mat gjennom å filtrere sjøvatn (til dømes muslingar).

### *Tarehausting*

Det er viktige haustefelt for stortare i ytre delar av verneområdet. Fylkeskommunens vurdering er at stortare veks på steingrunn og haustinga vil ikkje få vesentleg negativ påverknad på verneformålet. Fylkeskommunen legg til grunn at tarehaustingsforskrifta blir følgd.

### *Havbeite*

Området kan være aktuelt for havbeite av skjel og krepsdyr. Fylkeskommunen er ikkje kjende med at det finst initiativ på gang. Elles er fylkeskommunens vurdering at havbeite av marine artar som allereie finst naturleg i området i liten grad vil føre til negativ påverknad på verneformålet.

## **4. Giske kommune**

Giske kommune deltar i pilotprosjektet MAGIN (Marine grunnkart i Norge). Kommunen påpekar at det området som er foreslått i planen er basert på gamal, unøyaktig informasjon. Arbeidet med verneplanen vil få vesentleg høgare kvalitet når dei marine grunnkarta med temakart er på plass. Utarbeiding av verneplan bør utsettast til arbeidet med marine grunnkart er ferdig, i 2020.

Storholmen naturreservat er ikkje inkludert i planforslaget og informasjon om ekskludering av Storholmen er ikkje tilgjengeleg. Kommunen ynskjer at vernearealet utvidast til å inkludere Storholmen, då Storholmen også er ein viktig hekkestad til mange truga trekkfuglar.

Roaldsand fuglefredningsområde er ikkje inkludert i planforslaget og informasjon om ekskludering av Roaldsand ffo er ikkje tilgjengeleg. Roaldsand ffo har tapt areal på grunn av utviding av flyplassen si rullebane mot aust. Kommunen ynskjer at framtidig tap av verneområde vert hindra, og ynskjer difor å inkludere Roaldsand ffo i planforslaget.

Taretråling og dyrking av makroalgar har skapt bekymringar blant innbyggjarar i Giske kommune. Tareskog er truga av taretråling, då området mistar sine samansetningar og eigenskapar. Å hausta tareskog utan å ha god informasjon om fiskebestandar, tilstanden til tareskogen, og ulike element som kan påverka tareskogens regenerative eigenskapar er uforsvarleg. Introduksjon av framande artar (makroalgaer) i nærleik av allereie verna areal er også uheldig. Giske kommune ynskjer at konsesjonane gitt innanfor planforslaget blir vurdert på nytt, med omsyn til tareskogen sin funksjon, og eventuelt oppheva for å oppretthalde balansen mellom gruntvassområde og verna naturområda på land.

Kommunen etterlyser klare retningslinjer for diverse aktivitetar innanfor verneområdet, både i friluftsliv, fiskerinæring, transport, turisme, m.m. Dei eksisterande verneforskrifter er ikkje tydeleg nok i kva som er tillate innanfor verneområda.

Ved vernestatus bør det følgje midlar for forvaltning av området. Marin forsøpling, uansvarleg fiskeing og ulovleg forureining er nokon av utfordringane i området. Det bør setjast av midlar til informasjonsformidling og opprydding i området.

## 5. Statens vegvesen

Det følger av kapittelet om moglege konsekvensar av det maritime vernet at «*Ein legg opp til strenge restriksjonar på tiltak som utfylling, byggeverksemd, mudring, deponering av massar, undervasssprenging, kabellegging, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energitnytting. Mindre tiltak i form av utfylling og byggeverksemd, kabellegging i mindre omfang, kan ev. tillatast. Det vert ikkje restriksjonar på drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar.*» Dette vil ta vare på omsynet til drift og vedlikehald av eksisterande veganlegg som grensar mot sjøen, men det er i følge vegvesenet noko utydeleg kva som blir lagt i «mindre tiltak» og «mindre omfang».

Statens vegvesen ber derfor om at det blir omtala meir presist kva for konsekvensar det maritime vernet får for utviklings-/utbetringstiltak på eksisterande veganlegg. Vedrørande nye veganlegg/tiltak opplyser dei om at Statens vegvesen har fått oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å utarbeide en konseptvalgutredning (KVU) for riksveg 658.

## 6. Dupont Nutrition Norge AS

Dupont Nutrition Norge AS uttalar at ei eventuell avgrensing av dagens hausting av viltlevande stortare innanfor dei områda som i dag er foreslått inkludert i marin verneplan, vil få konsekvensar for verksemda. Bedrifta sysselsett i underkant av 200 personar. Både hausting, foredling, forskning og utvikling skjer i Norge. I 2017 omsette bedrifta for 1,5 mrd. NOK og all produksjon blir eksportert. Dupont har hausta stortare på Giskefelta sidan midten av 1960-tallet. Felta frå 21B til 26C, har gitt stabile utbytte i heile perioden fram til i dag. Gjennomsnittsuttaget per felt er over 3 700 tonn og er i nasjonal målestokk viktige for råstofftilgangen for alginatproduksjonen på Vormedal. Dupont påpeikar at kvart år riv stormar og uvêr laus enorme mengder stortare langs kysten av Noreg. Dette er en del av stortare sin naturlege livssyklus. NIVA har berekna at det årleg vert rive laus 7 millionar tonn stortare som følgje av vêr og vind. Til samanlikning haustar Dupont 150 000 tonn stortare årleg. Vidare skriv dei at alginat som dei utvinn frå norsk stortare har unike eigenskapar som trengs både i næringsmiddel og medisinar. Alginatet blir brukt i ei rekkje produkt som er på marknaden og er avhengige av alginatet.

Dupont påpeikar at sjølv med 50-60 års hausting av stortare, så er tareskogen i velutvikla og i god kondisjon på Giskefelta. Dei konkluderar difor at stortarehaustinga kan kvalifiserast som eit berekraftig uttak. Havforskningsinstituttet (HI) har over mange år systematisk undersøkt og dokumentert effektar av tarehausting. Konklusjonane er at gjenveksten er god, førekomsten av kråkeballar aukar ikkje og det kan ikkje påvisast vesentlege effektar på fisk eller skaldyr som følge av tarehaustinga. I retningslinjene for behandling av marine beskytta område, fastsett av Klima- og Miljødepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Olje- og energidepartementet (6. april 2005) blir det peikt på aktivitetar/inngrep som kan medføre varig skade i forhold til verneformål. Hausting av stortare er ikkje omtalt som en aktivitet som kan medføre varig skade.

I verneforslaget er det nemnt at det er ønskeleg å opprette eit nytt referansefelt ved Giskerevet. Dupont visar til at det er HI som har som oppgåve i å overvake referansefelt og eventuelt er det HI som må vurdere lokalitet og behov for nok et referanseområde for Giskerevet.

Dupont peikar på at tarehaustefartøya nyttar grindtrål for å hauste stortare og det er ikkje rapportert nemneverdige skader eller inngrep på sjøbotn. Dermed bør vernet ikkje hindre tarehausting.

På tross av store mengder stortare, er Dupont avhengig av å hauste i område der botnforholda er eigna. Områda som er foreslått verna inkluderer ei rekkje slike felt der stortaren er lett tilgjengeleg for berekraftig hausting.

#### *Oppsummering*

- Dupont understrekar viktigheita av at både eksisterande og framtidig hausting av viltlevande stortare ikkje blir ramma av ei eventuell gjennomføring av marin verneplan for sjøområda i Giske kommune.
- Dupont ser ikkje at det ligg føre fagleg grunn for behov for å opprette eit referanseområde ved Giskerevet.

#### **7. Noregs vassdrags- og energidirektorat**

Det kan vere sjøkablar som del av distribusjonsnettet i det føreslåtte verneområdet som NVE ikkje har kjennskap til. Alternativt kan det finnast planar om slike sjøkablar. Møre Nett, som er områdekonsesjonær, er ikkje på høyringslista. NVE oppfordrar Fylkesmannen i Møre og Romsdal til å sende melding til Møre Nett, for å avklare om det finns sjøkablar i eller grensande til det føreslåtte verneområdet.

#### **8. Fiskeridirektoratet**

Fiskeridirektoratet er generelt opptatt av at det ikkje fastsettast eit meir omfattande og strengare vern enn naudsynt, og at det tillatast berekraftig bruk av dei levende marine ressursane med metodar og i et omfang som ikkje er til skade for verneformålet.

#### *Avgrensing*

Fiskeridirektoratet støttar at grensa i hovudsak blir trekt utanfor privat grunn og eksisterande hamneanlegg. Direktoratet meiner at eit så breitt og oppdatert kunnskapsgrunnlag som mogleg vil være avgjerande for det vidare arbeidet med verneområdet, området sin storleik, og kva for restriksjonar det eventuelt skal vere på bruk og næringsverksemd.

#### *Fiskeri*

Det har tradisjonelt vore og det blir framleis drive fiske med garn, line, jukse og snurrevad etter torsk, hyse, lange, brosme og anna botnfisk i delar av området. Snurrevad nyttast i dei djupare delane sør

og vest av Vigra. Fiske med line forgår nordaust av Erkna, i ytterkant av nordvestlege del av det føreslåtte verneområdet. Likeins er det fiske med garn, line og jukse/pilk vest av Raunen, i verneområdet sin vestlege ytterkant. Det vert også drive fangst av hummar, krabbe og leppefisk med teiner i området. Innanfor det føreslåtte verneområdet er det også registrert to låssetjingsplassar. Begge desse plassane vurderast til å vere nasjonalt viktige.

#### *Akvakultur*

Akvakulturlokaliteten 39017 Vikane ligg i det føreslåtte verneområdet. Denne er klarert for løyve M-G-901 med innehavar Green Cycle AS. Andre delar av det føreslåtte verneområdet vil også kunne vere aktuell for denne typen akvakultur, men direktoratet er ikkje kjent med nokon konkrete planar.

#### *Taretråling*

Dei siste åra har det i gjennomsnitt årleg blitt hausta rundt 150.000 tonn stortare nasjonalt ved taretråling. I Møre og Romsdal starta ein opp med forsøkstråling etter tare i 1967 ved Smøla, Averøy og Grip. Etter kortvarig prøvetråling kom hausting av lokale felt på strekningen Vigra - Ona i gang. I 1990 var kvantumet i Møre og Romsdal på 97 000 tonn, og utgjorde rundt 60% av landsstatistikken. I forskrift om hausting av tang og tare, og forskrift om regulering av hausting av tare i Møre og Romsdal, er det tillate med hausting av tare i hele det føreslåtte marine verneområdet, bortsett frå i dei eksisterande verneområda der forbod mot taretråling er nærmare spesifisert og i et avsett referanseområde for tare aust av Erkna. I deler av det føreslåtte verneområdet føreligger det god dokumentasjon på årleg kvantum hausta stortare. Sjå fiskeridirektoratets heile høyringsinnspel for utfyllande haustingsstatistikk. Samlege haustefelt innanfor verneområdet har vert utsett for omfattande hausting dei siste 40-50 åra.

#### *Referanseområde*

I betydelege delar av det føreslåtte verneområdet har det over lang tid vore og framleis er stor taretrålingsaktivitet. Difor stiller fiskeridirektoratet spørsmål om kor godt eigna føreslegne og eventuelle referanseområde for taretrålingsaktivitet er. Område med ingen eller liten påverknad av taretråling er etter direktoratets vurdering ikkje til stades. Ut frå føremålet med vernet vil ei vurdering og prioritering av konkrete avgrensa referanseområde for taretråling med ingen eller liten påverknad vere sentral i det vidare arbeidet.

Lokalitet og storleik på referanseområda for taretråling må vurderast. For å tene som uforstyrra referanseområde for taretråling er det avgjerande at dei avsette områda har ingen eller liten påverknad frå aktiviteten tidlegare. Av de tre foreslått områda verkar Erkna naturreservat (og tilhøyrande referanseområde aust for Erkna) og Langholmen naturreservat som gode kandidatar. Ut frå djupneforhold og generell historisk kunnskap om hausting i området verkar begge som lite eller ikkje påverka av taretråling. Det er allereie innført forbod mot taretråling i begge områda, og etablering av referanseområde for taretrålingsaktivitet vil ikkje medføre nye restriksjonar for næringa. Det kan vere ei moglegheit for ei eventuell utviding av desse taretrålfrie referanseområda ut over eksisterande naturreservat. Området som omfattar Molnes naturreservat, eventuelt med ei noko utvida grense kan vere et alternativ til referanseområde.

For Giskerevet og den nordvestlege delen av strekningen Giske vestsida til Erkna er området utanfor Giskerevet, Hellesteinanen, Leiasteinen nord og nordvestover mot Håflesa og Storegrimen truleg det mest taretråleområdet innanfor heile verneområdet. En grensedraging for eit referanseområde for trålingsaktivitet med ingen eller liten påverknad må derfor vurderast nøye. Eit slikt område kan vere mest aktuelt hovudsakeleg innanfor 3-meters djupnekote.

Direktoratet skriv vidare at det i løpet av prosessen må klargjerast nærare kva som vil vere konsekvensane av eit eventuelt vern for haustinga av marine ressursar. Fiskeridirektoratet føreset at

det innan verneområdet kan drivast med berekraftig uttak av marine ressursar som ikkje er til skade for eller påverkar verneformålet. Prosessen vidare må vurdere kva for nærings- og haustingsaktiviteter som er uproblematisk for verneformålet.

## 9. Havforsknings Instituttet

Havforskningsinstituttet overvakar årleg tilstanden i stortaresamfunn og re-etablering av disse etter tarehausting i Møre og Romsdal. Overvakinga forgår primært vha nedsenka videokamera langs utalte transekt både i haustingsfelt og referanseområde. Referanseområda representera ein upåverka tilstand som tilstanden på haustingsfelta kan samanliknast med. Totalt fem referanseområde undersøkast regelmessig ifm Havforskningsinstituttets overvaking av tare i Møre og Romsdal. Tre av referanseområda (Orskjæra, Sortna, Remman) ligg innanfor areal som er vernet for tarehausting gjennom naturmangfaldlova, mens de to andre (Runde, Erkna) ligger delvis eller helt utanfor verneområde med marin vegetasjonsfreding der tarehaustingsforbod står i eiga forskrift. Innanfor det aktuelle verneplanområdet ved Giske har Havforskningsinstituttet nytta eit referanseområde ved Erkna, og ønsker derfor at restriksjonane på tarehausting vidareførast for dette området. Dersom det skulle bli behov for å etablere ytterlegare referansestasjonar innanfor verneplanområdet ved Giske vil Langholmen naturreservat vere eit aktuelt område, her er allereie eit forbod mot tarehausting, i tillegg til er reservatet gunstig lokalisert i forhold til etablerte overvakingstasjonar i nærliggande haustefelt (21B, 22A, 23D). Utover dette ser ikkje Havforskningsinstituttet behov for ytterlegare referanseområder innanfor det føreslåtte verneplanarealet i overvakingssamanheng. Dersom det skulle opprettast nye referanseområder innanfor areal der det ikkje allereie føreligg eit eksisterande forbod mot tarehausting, anbefalar Havforskningsinstituttet at det gjennomførast før- og ettergranskning for å studere eventuelle effektar av et slikt tiltak.

## 10. Bernt F og Erik A Blindheim på vegne av grunneiere

B F og E A Blindheim ønskjer at hamneområdet på Blindheim blir halde utanfor verneområdet. Dei set spørsmål om ikkje "Molnesrevet" og Rossholmen også burde komme inn under marint vern. Dette er store grunne områder som har eit veldig rikt dyre og fugleliv. Dei ønskjer større restriksjonar for tare-trålinga innanfor verneområdet. Rundt Vigra er det fleire viktige fuglefredningsområde. Dei fleste sjøfuglane er allereie under sterkt press. Mange forskjellige sjøfuglar trekker mykje mellom dei forskjellige reservata, og tareskogen i og rundt det som no er freda, er viktig for mange sterkt trua artar. Dei meiner at fuglane og heile økosystemet hadde hatt stor fordel av at områda mellom fredingsområda Erkna - Synesvågen - Rørvikvågen - Molnes - Langholmen også hadde fått forbod, eventuelt større restriksjonar mot tare-tråling.

Etter tare-tråling er det ei markant auke i tare som driv i land langs strendene i Giske kommune. Med eit meir omfattande forbod mot tare-tråling hadde reinhaldet av fleire populære strender blitt vesentleg lettare og mindre kostbart. Til slutt seier dei at Blimssanden har fleire hundre besøkande dagleg på de finaste sommardagane.

## 11. Direktoratet for Mineralforvaltning

I Noregs geologiske undersøking (NGU) sin kartdatabase for grus - og pukk , er det kartlagd nokre kystnære førekomstar av lokal betydning nært plangrensa i sjø. Ved eitt av desse, Sætrødal masseuttak, er det registrert uttak i drift med driftskonsesjon gjeve av DMF. Det har òg tidlegare vore drift i Ytterland ved Valderøy.



Verneplanen omfattar berre sjøareal og rører dermed ikkje direkte DMF sitt sektorområde. DMF vil likevel minne om betydinga av å ta omsyn til behovet for bruk av sjøen som transportveg for viktige mineralske ressursar. Sjøtransport gjer det mogeleg å frakte større volum over større avstandar enn transport langs veg. DMF ber om at det vert vurdert om vernet kan komme til å hindre mogelegheit for sjøtransport av mineralske ressursar. Det bør òg vere ein overordna strategi for planen at ikkje realiserte prosjekter for mineralske ressursar som føreset transport langs sjøen ikkje vert hindra av tiltak som følge av verneplanen.

## **12. Oljedirektoratet**

OD viser til endeleg råd til utforming av marin verneplan for beskyttande områder i Norge. Endeleg tilråding med forslag til referanseområder. Rådgivande utval for marin verneplan 30. juni 2004, vedlegg 1, nest siste avsnitt: Utnytting av eventuelle petroleumsressursar er ikkje nødvendigvis i strid med verneformålet. Ved leiting og produksjon må det stilles strenge krav til at det ikkje er utslepp eller anna påverking som kan skade verneverdiar på havbotnen.

## **13. MøreNett**

MøreNett opplyset om at det er ein høgspenningssjøkabel heilt i ytterkant av det skisserte marine verneområdet. Høgspenningskablar skal ikkje teiknets inn på offentlege kart, jf. Forskrift om beredskap i kraftforsyninga §6-2.

## Vedlegg 1.

### Referat folkemøte om marint vern ved Giske - Giske rådhus 13. mai 2019

### 29 deltakarar og rådgivar Bjarte Benberg og seniorrådgjevar Ola Betten, fylkesmannen (FM).

- Det skal etablerast ei referansegruppe som skal kunne gje innspel til arbeidet.
- Innspelsfristen er 16. mai 2019, men det kan medverkast under heile prosessen.
- Verneframlegget vil kome på ei ny høyring når det er klart, vedtak om vern vert eventuelt fatta av Regjeringa etter at Miljødirektoratet har gjeve si tilråding.
- Det vart etterlyst korleis vernet ville verke. Kva restriksjonar blei det, og kom det ressursar til lokal forvaltning og skjøtsel?

*FM viste til at marint vern var ein mild verneform der mykje av tradisjonell bruk som fiske og ferdsel ikkje vart berørt. Skjøtselsmidlane har auka dei siste åra, men FM kunne ikkje forutsjå utviklinga i budsjetta. Det er Fylkesmannen som forvalta verneområda på Giske no.*

- Det kom mange spørsmål om taretråling. Harald Bredahl frå DuPont (tarenæringa) ga difor ei brei orientering om verksemda deira med hausting, produksjon og rammevilkår.
- Det var mange synspunkt på taretrålinga ved Giske, og fleire var negative til verksemda. Det kom spørsmål om det marine vernet kunne stoppe trålinga her, men også om området kunne bli eit referanseområde med fri utøving av næringane. Fiskeridirektoratet viste til at det var skissert referanseområde utan tråling ved Erkna, Langholmen og på Giskerevet. FM avviste at eit marint verneområde skulle vere referanse for intens utnytting; slike måtte evt. leggjast utanom.
- Ordføraren minna om at framlegg til ny taretrålingsforskrift låg ute på høyring til 01.06.19.
- Green Cycle undrast på om konsesjonen deira for sukkertaredyrking vart berørt av vern. Her meinte FM at det måtte takast omsyn til eit så nytt løyve i planarbeidet.
- Vil vernet regulere vass-scooterbruk? Dette blir jamstilt med båttrafikk, og blir neppe omfatta av det marine vernet. *FM minna om aktsemdsparagrafen i naturmangfaldlova som uansett vil gjelde.*
- Plastfritt Hav viste til at det låg mykje plast på sjøbotnen i området, og undrast på verknaden for marint vern. FM rosa innsatsen til organisasjonen, og var klår på at dette var ein uønskt situasjon det måtte ryddast opp i.
- Dykkarklubben påviste spøkelsesgarn og urøkta teiner fulle av fisk og krabbar. Kva med å innføre ei fiskefri veke i året for å tømme området for slike? *Fiskeridirektoratet såg visse problem med å gjennomføre dette.*
- *Dei lokale fiskeriinteressene var ikkje representert på møtet, men FM viste til at desse var viktige i eit slikt arbeid, trass at fiskeri vart lite berørt av vernet.*
- Det vil bli utvikla eit godt hjelpemiddel for vernet gjennom dei marine grunnkarta som gjer at ein ser havbotnen langt klårare. Vindkraftproduksjon med installasjonar på havbotnen vil komme i konflikt med vernet.
- FM summerte opp med at alle forhold var ikkje bestemt i starten av arbeidet. Grensene vert ytre ramme for arbeidet, men prosessen vil avklare utforming, referanseområde og vernereglar. Dette er første marine verneområde i Møre og Romsdal, så ein manglar erfaring med dette. Ein ønska god medverknad, og oppfordra om framlegg til medlemmar i referansegruppa. Send gjerne høyringsfråsegnene til kommunen også. Dei har fått forlenga høyringsfrist til etter 3. juni.

Ola Betten  
(ref.)